

Møre og Romsdal SV

Fylkesårsmøte 2024

SAK: REGNSKAP 2023

Møre og Romsdal SV har lagt bak seg eit år med høg aktivitet, særleg er dette knytt til valkampen, men 2023 var også det første heile året med ein større fylkessekretærressurs i fylket. Det var også landsmøteår, med dei ekstra kostnader dette medfører for fylkeslaget.

Regnskapet viser eit stort underskot på heile kr 319.650,-. I vedtatt budsjett var det budsjettert med eit underskot på 186.000,-. I all hovudsak er grunnen til at underskotet vart så mykje høgare enn budsjettert, underbudsjettering av valkampkostnadane. Dei største valkampkostnadane er knytt til trykk av fylkesbrosjyre, frikjøp av førstekandidat og noko reisekostnad.

Fylkesstyret har vore orientert om økonomisituasjonen gjennom budsjett rapportar gjennom året og har fatta nødvendige vedtak knytt til valkampkostnadane som påløp.

Eigenkapitalen er ved årets slutt kr 95.830,-.

Revidert regnskap – uttale frå revisor

Regnskapet er gjennomgått og revidert av valgte revisorar og det framlagte regnskapet gir etter revisorane si vurdering eit korrekt bilde av årets resultat og den økonomiske stillinga for Møre og Romsdal SV. Revisorane finn at det er grunnlag for fortsatt drift av organisasjonen.

Revisorane finn det likevel nødvendig å kome med ein ekstra uttale retta til fylkesstyret og årsmøtet og som styret får ansvar for å informere årsmøtet om;

"Som revisorer vil vi understreke viktigheten av å følge opp økonomien i Møre og Romsdal SV nøye framover. Tre år på rad har nå laget hatt negative resultat. Det er viktig at økonomien styrkes i år som ikke er valgår samtidig som styret følger opp den løpende pengebruken slik at denne i størst mulig grad er et resultat av en langsiktig og målrettet plan. Årets resultat er kr 133 000,- dårligere enn budsjettet. Dette er svært betydelig i forhold til omfanget av virksomheten og økonomien i laget."

Fylkesstyrets vurdering

Som revisor påpeikar er det no heilt nødvendig at økonomien i fylkeslaget blir styrka i mellomåra mellom val. Dette må primært skje gjennom auka inntekter, hvis ikkje vil vi måtte redusere aktiviteten. Avtalen om kostnadsdeling mellom fylkeslaget og partiet sentralt skal reforhandlast i løpet av februar 2024, og det vil sannsynlegvis bli nødvendig å revidere budsjettet når vi har fått den nødvendige oversikta over inntektssida. Utgiftene må deretter tilpassast fylkeslagets sikre inntekter.

Nytt fylkesstyre må ha eit særleg fokus på økonomien i fylkeslaget og iverksette nødvendige tiltak så snart som dei økonomiske rammene for 2024-25 er klart i starten av dette året.

Fylkestyrets tilråding

Revidert regnskap for 2023 blir godkjent.

Fylkestyret gis fullmakt til å revidere budsjettet så snart avtalen om kostnadsdeling mellom fylkeslaget og partiet sentralt er reforhandla.